

Til elevane

Hurtigtesting av Covid-19

Kvinnherad vgs skal frå og med 12. april 2021 vera med i Vestland fylkeskommune sitt program for hurtigtesting av elevar og tilsette. Målet for hurtigtestinga er at du som er elev skal kunne vera mest mogeleg på skulen. Massetesting av deg og medelevane dine vil òg avklare om det eventuelt er nokon med koronasmitte på skulen. Dette vil medverke til at vi raskt kan sette i verk tiltak for å hindre vidare smittespreiing om slike situasjonar oppstår.

Praktisk info

Det er frivillig for deg som elev og tilsette å delta i programmet. Om du ønskjer, kan du når som helst trekkje deg frå å delta.

Alle skal testast ein til to gangar i veka. Alle vil få opplæring av helsepersonell om korleis ein utfører testen. Testinga vil bli gjennomført i klasserommet. Helsepersonell og/eller skulen sine tilsette vil lese av prøvesvar etter at testen er gjennomført

Resultata frå testen vil vera klare ca. 15-20 minutt etter at alle testane i klassen er gjennomført. Dersom det vert registrert smitte blant elevane vil du og klassen din bli varsla med ein gang eit slikt testresultat føreligg.

Ved positiv prøve vert det delt ut munnbind til alle elevane i klassen og dei vil bli sendt heim og må gå i karantene. Den/dei som eventuelt får ein positiv prøve blir personleg orientert av skulen om at han/ho skal i isolasjon. Den/dei må vidare til testing i kommunen. Vi vil ha høg merksemd på personvern og testopplysningar vil ikkje bli delt med andre.

Bakgrunn for prosjektet:

Regjeringa og kommunar kan sette i verk ulike tiltak for å hindre spreiiing av smitte i samanheng med covid-19 pandemien. Tiltak som er sett i verk gjennom det siste året har medført at born og unge i periodar har mista sosiale møteplassar, spesielt når skular har blitt stengt. Dette har både vore og er vanskeleg og krevjande for mange unge. Det har vore stor merksemd på å finne metodar som gjer at skulane kan vera opne når det er mykje smitte i samfunnet rundt skulen.

Ved å testa elevar og tilsette ein til to gangar i veka vil ein redusera risikoen for spreiiing i stor grad. Samtidig vil elevane ved skulen få meir stabil og føreseieleg opplæring ved at skulen kan være open.

I landet vårt er det stor interesse for å forsøke ei slik tilnærming for vidaregåande skular, for å sikra at skulane er meir stabilt opne for fysisk oppmøte og undervisning. Dette vil igjen medverke og bidra til at tiltaksbyrda for ungdom vert mindre.

Det vil ikkje bli ført nokon form for registrering eller journalføring av kven som er testa, men positive prøvesvar vil bli kontrollert og dokumentert gjennom innsending av test til laboratorium frå kommunal teststasjon.

Testing, isolering, smittesporing og karantene (TISK) har vore ein overordna strategi for å nedkjempe covid-19 i landet vårt. Vi har stor tru på at tiltaket med massetesting av elevar og tilsette ved skulen vil vera eit viktig bidrag i kampen vårt for ein koronafri skule og samfunn.

Audun Bjelland
Rektor Kvinnherad vgs